

## Møte i fakultetsrådet, ved Fakultet for helse- og sosialvitenskap (FHS), Høgskulen på Vestlandet (HVL)

Dato: Fredag 22.januar 2020, kl. 09.00-12.00.

Sted: Digitalt (Zoom)

### **Deltakarar:**

Randi Skår (dekan, møteleiar), Hilde Kristin Tveit (seniorrådgivar), Petrin Hege Eide (førstelektor, og vara for Britt Moene Kuven), Kjetil Grimstad Lundberg (professor), Ole Tormod Kleiven (førsteamanuensis), Maria Nordheim Alme (førsteamanuensis), Olav Godtfred Klausen (administrerende direktør i Helse Fonna), Astrid Toft (dagleg leiar i KS Hordaland), Sissel Brusegård (fagleiar fylkeskommunen), Fredrik Sørensen (student) og Therese Bøyum (sekretær).

### **Gjester:**

Trude Engebretsen (administrasjonssjef) (sak 1/21), Alice Kvåle (prodekan forskning) (sak 3/21), Dagrun Kyrkjebø (viseinstituttleiar, ved institutt for helse- og omsorgsvitenskap) (sak 4/21) og Anne-Grethe Naustdal (prodekan utdanning) (sak 4/21).


*Merk: gjestar vil få beskjed om kva tid dei skal kople seg på møte.*

### **Forfall:**

Britt Moene Kuven (førstelektor).

### **Observatørar:**

Ann Jørstad Nilsen (kommunikasjonsrådgivar) og Liv Kjelleberg (fakultetsrådgivar).

Sak	Saks-type <sup>1</sup>	Dokument/saksframlegg	Kva skal skje i møtet?	Ca tid
Sak 1/21: Budsjett og strategiske midlar 2021	D	Munnleg orientering og presentasjon i møtet.	Trude Engebretsen (administrasjonssjef) gir ei orientering om budsjett 2021, og fordeling av strategiske midlar for 2021.  Fakultetsrådet gir sine innspel i saka.	40 min  (kl.09.00-09.40)
PAUSE				10 min (kl.09.40-09.50)
Sak 2/21: Årsplan FHS 2021	D	Vedlagt, utkast til årsplan for 2021:   Årsplan FHS 2021 (1).docx	Randi Skår (dekan) gir ei orientering om utkast til årsplan FHS 2021.  Fakultetsrådet gir sine innspel i saka.	40 min  (kl.09.50-10.30)
PAUSE				10 min (kl.10.30-10.40)
Sak 3/21: FoU-tildeling	D	 Forslag prosess for FoU-tildeling 2021_20	Alice Kvåle (prodekan forskning) gir ei orientering om plan for FoU-tildeling (tid til forskings-, utviklings og innovasjonsarbeid).  Fakultetsrådet gir sine innspel i saka.	20 min  (kl.10.40-11.00)
		Saksvedlegg vart lagt inn den 20.januar, då saka var oppe i forskingsutvalet (FoU-utvalet <sup>2</sup> ) den		

<sup>1</sup> D = Drøftingssak O=orientering

<sup>2</sup> FoU-utvalet skal bidra til å utvikle FHS sitt forskings-, utvikling- og innovasjonsarbeid. FoU-utvalet er rådgivande ovanfor fakultetsleiinga, og har mynde til avgjersle i enkeltsaker. Utvalet er leia av Alice Kvåle (prodekan forskning).

		18.januar, og i leiarmøte ved FHS den 20.januar.		
Sak 4/21: Beredskapsarbeid i FHS	O	Munnleg orientering og presentasjon i møtet.	<p>Fakultetsrådet får orientering om beredskapsarbeidet, og gir sine innspel i saka.</p> <p>Dagrun Kyrkjebø (viseinstituttleiar, ved institutt for helse- og omsorgsvitskap) gir ei oppsummering av beredskapsarbeidet i fakultetet.</p> <p>Anne-Grethe Naustdal (prodekan utdanning) blir også med under denne saka.</p>	40 min  (kl.11.00-11.40)

#### Orienteringar: kl.11.40-12.00 (20 min)

- Vedtak i sak om forskingsprogram. Syner til sak som vart sendt ut på høyring til fakultetsrådet 27.mars, orienteringssak i fakultetsrådet 11.juni og sak 9/20 til fakultetsrådet 28.september. Etter innspelsrunden i råd og utval og ein gjennomgang av tilbakemeldingar frå forskargruppene, ser fakultet det som mest hensiktsmessig å ikkje opprette forskingsprogram i fakultetet på dette tidspunktet (jamfør vedtak i leiarmøte ved FHS 12.oktober 2020).
- Møtedato for fakultetsrådet, våren 2021.
- Avvikling av nyheitsbrev, grunna endringar i intern kommunikasjon. Fakultetsrådet vart orientert om dette, då siste nyheitsbrev vart sendt ut den 7.desember (kort orientering av kommunikasjonsrådgivar, Ann Jørstad Nilsen).

## REFERAT

### Sak 1/21: Budsjett og strategiske midlar 2021

Trude Engebretsen (administrasjonssjef) orienterte fakultetsrådet om førebels resultat av rekneskapen for 2020, budsjett 2021, strategiske midlar, samt investeringspakker og andre midlar utover budsjetttramma i 2021.

Vedlagt finn de presentasjonen frå møtet:



Fakultetsråd  
22.01.21.pdf

### Stikkord frå innspel:

- Intern representant melder om stor slitasje i deler av organisasjonen. Mange tilsette gjer uttrykk for å vere slitne, og det er knytt bekymring til kva konsekvensar dette kan få på sikt. Er det sett av midlar til tiltak, som kan forhindre uheldige konsekvensar? Andre institusjonar har blant anna betalt ut lønnsbonusar, gitt dei tilsette tid til kompetanseutvikling/seminar osv. Når det gjeld lønn, visar dekan til lokale lønnsforhandlingar. Når det gjeld kompetanseutvikling/seminar, melder dekan om at dette absolutt er aktuelt og blir vurdert fortløpande, særleg innan digital læring.
- Det kjem fleire innspel frå interne representantar, knytt til auke i studieplassar og bemanning. Auke i studenttal, vil gje auke i belastning på dei tilsette (både vitskaplege og administrativt tilsette). Representantane ber om at leiinga vurderar auke i ressursar, som følgje av auke i studieplassar.

### Sak 2/21: Årsplan FHS 2021

I forkant av møtet fekk medlemene i fakultetsrådet oversendt utkast til årsplan for FHS 2021.

Dekan orienterte kort om prosess for årsplanarbeidet i FHS, og gjekk deretter gjennom hovudlinjene, utfordringane og det overordna tiltaksbiletet for 2021.

Vedlagt finn de presentasjonen frå møtet:



**Fakultetsrådet kom med innspel på innhald i årsplanen. Stikkord frå innspel, under strategiområdet «utdanning»:**

- Ekstern representant har kommentar til delmål 1.3, som handlar om å styrke kulturkompetansen til tilsette og studentar. Representant påpeiker at det er eit stort behov for kulturkompetanse i helsesektoren, og håper at studentane som tileignar seg kulturkompetanse via utlandsopphold, kjem attende til Noreg – og tilfører denne kompetansen til ulike helseføretak.
- Det kjem også innspel frå fleire interne representantar, knytt til delmål 1.3. Mål om internasjonalisering er utfordrande dette året, grunna mindre moglegheit for mobilitet. Det kjem forslag om å auke utveksling nasjonalt, for å utveksle kulturkompetanse.
- Intern representant har innspel til delmål 1.1, som handlar om å legge til rette for aktiv medverknad, frå studentane, i utviklinga av studieprogramma. Representant vil påpeike at fleire nye masterprogram, krevjar nye studieprogramråd, som då medfører meirarbeid for studieadministrasjonen. Nye studieplassar og nye studietilbod, krev ekstra oppfølging og ressursar.
- Intern representant har innspel til delmål 1.2, der det står at FHS skal «vidareutvikle og følgje opp praksisprosjektet». Her kjem det forslag om å vere meir konkret (skildre kva som ligg i dette tiltaket).
- Under delmål 1.2 står det også eit eige tiltak om å «søke DIKU-midlar til vidare utvikling av fleksible utdanningstilbod». Her kjem det fleire kommentarar på at tilsette som skriv desse søknadane, ikkje nødvendigvis vurderer kva administrative ressursar, eit slikt prosjekt vil krevje. Det kjem forslag om at ein administrativ tilsett, burde vere med i søknadsprosessen, for å få med dette perspektivet.

**Stikkord frå innspel, under strategiområdet «organisasjon og leiing»:**

- Intern representant ytrar ønskje om evaluering av digitale tenester. Det er innført ei rekke digitale verktøy, blant anna robotar. Representant ønskjer initiativ til at desse verktøya vert systematisk evaluert, og visar til tilfelle der verktøya har hatt utilsikta og negative konsekvensar for studentar og tilsette.

### Sak 3/21: FoU-tildeling

Den 20.januar fekk medlemene i fakultetsrådet oversendt forslag til prosess for FoU-tildeling 2021/22. Same dokument vart også lagt fram i leiarmøte ved FHS (20.januar) og i FoU-utvalet ved FHS (18.januar).

Alice Kvåle (prodekan forskning) orienterte om plan for FoU-tildeling.

Vedlagt finn de presentasjonen frå møtet:



FoU-tildeling ved  
FHS\_22jan2020.pdf

#### Stikkord frå innspel frå fakultetsrådet:

- Det kjem fleire tilbakemeldingar frå interne representantar, om at rapporteringa har blitt mykje enklare enn før, og at dette er svært positivt. Representantane gjer generelt gode tilbakemeldingar på forslag til prosess for FoU-tildeling 2021/2022, og støttar forslaget.
- Intern representant påpeikar at pandemien truleg har påverka forskningstid både positivt og negativt. Tilsette som har hatt mykje undervisningstid, har ikkje fått utført planlagt FoU-aktivitet. Prodekan forskning melder attende at dette må synleggjerast i rapportering av FoU-tid, slik at det kan takast med i vurderinga av årets tildeling.
- Intern representant spør om dei tilsette kan få ei individuell tilbakemelding, med grunngjeving for tildelt FoU-tid. Her melder prodekan forskning tilbake, at det ikkje vil bli skrive ut ei slik tilbakemelding til dei tilsette. Ansvaret for tildeling av FoU-tid ligg i linja, og dialogen om tildeling av FoU-tid kan takast med fagseksjonsleiar og/eller instituttleiar.
- Det kjem innspel frå intern representant, om prosess for tildeling: Det er viktig å sikre forutsigbarheit og kontinuitet, og at dei som er i «flyt» i forskings- og utviklingaktivitet, får fortsette med det. Det er også viktig å få fram dei som ikkje har så høg aktivitet, og slik bidra til å bryte ein vond spiral (der lite aktivitet, gir lite å rapportere).

## Sak 4/21: Beredskapsarbeid i FHS

Dagrun Kyrkjebø (viseinstituttleiar, ved institutt for helse- og omsorgsvitskap) og Anne-Grethe Naustdal (prodekan utdanning) orienterte om beredskapsarbeidet i fakultetet.

Vedlagt finn de presentasjonen frå møtet:



Fakultetsråd  
22.01.21.pdf

### Stikkord frå innspel frå fakultetsrådet:

- Ekstern representant melder om god og tett dialog mellom helseføretak og HVL. Representant informerar også om at nokre tilsette i helseføretaka vegrar seg for å ta imot studentar. Leiinga har difor jobba målretta med å sikre at studentane blir godt tatt imot. Dette er viktig, då det er studentane som i neste runde skal hjelpe helseføretaka.
- Intern representant stadfestar at studentane blir godt tatt imot av praksisfeltet.
- Representant melder bekymring knytt til om HVL har god nok kontroll og fokus på kvalitetssikring, av om studentane har tileigna seg tilstrekkeleg kunnskap etter avlagt eksamen. Det er blant anna større sjanse for fusk, ved digital eksamen. Det stillast også spørsmålsteikn ved om digital undervisning, over lengre tid, kan gje stort nok læringsutbyte.
- Studentrepresentant melder om at mange studentar blir sittande mykje aleine, og ber om at FHS er oppmerksam på dette i fortsettinga. Det er viktig at studentane får sjans til å bli kjent med kvarandre.
- Intern representant melder om at administrasjonen (praksisadministrasjon) er under stort press, og at det er bekymring for den store arbeidsbelastninga på dei tilsette.
- Det kjem innspel frå intern representant, om at det kan vere god hjelp i å ha inne studentassistentar som hjelpelærarar (til dømes innan ferdigheitstrening).

### Orienteringar: kl.11.40-12.00 (20 min)

- Vedtak i sak om forskingsprogram. Syner til sak som vart sendt ut på høyring til fakultetsrådet 27.mars, orienteringssak i fakultetsrådet 11.juni og sak 9/20 til fakultetsrådet 28.september. Etter innspelsrunden i råd og utval og ein gjennomgang av tilbakemeldingar frå forskargruppene, ser fakultet det som mest hensiktsmessig å ikkje opprette forskingsprogram i fakultetet på dette tidspunktet (jamfør vedtak i leiarmøte ved FHS 12.oktober 2020).
- Møtedato for fakultetsrådet, våren 2021.

*I møte: Dekan foreslår to møter våren 2021 og eitt møte hausten 2021, og at neste møtet blir i starten av juni. Forslag til møtedatoar i juni, vert sendt ut til fakultetsrådet etter dette møtet.*

- Avvikling av nyheitsbrev, grunna endringar i intern kommunikasjon. Fakultetsrådet vart orientert om dette, då siste nyheitsbrev vart sendt ut den 7. desember (kort orientering av kommunikasjonsrådgivar, Ann Jørstad Nilsen).

*I møte: Kommunikasjonsrådgivar orienterer om endringar i intern kommunikasjon, med oppretting av ny fakultetsside på intranettet, og avvikling av nyheitsbrev. Kommentar frå ekstern representant, om at nyheitsbrevet var informativt og nyttig, og at det vil bli sakna.*